



## Møtereferat

**Gruppe/tema:** Styringsgruppe for kultur og medborgarskap

**Møtestad:** Gomerhuset, Skodje kommune

**Dato:** 12.09.18

**Tid:** kl.09.00 - 15.30

**Møteleiar:** Oskar Skulstad

Deltakarar:	Kommune:
	Nye Ålesund
Elin A. Moen	Haram kommune
Anita Øen	Sandøy kommune
Magne Fylling	Skodje kommune
Åse Karin Gjære	Ørskog kommune
Oskar Skulstad og Ida L. Skotheim	Ålesund kommune
Marianne Ottervik og Arne Olsbø Holen Hovedvernombod Kristin H. Breivik møtte ikkje.	Tillitsvalde

### Sakliste:

1. Gjennomgang av kartlegginga
2. Samansetting av faggrupper
3. Møteplan hausten 2018

### Referat og konklusjonar:

#### 1. Gjennomgang av kartlegginga:

Styringsgruppa gjekk gjennom kartlegginga som er gjort.

Herunder ein fellesdel knytt til nasjonale føringar og trendar og utfordringsbilete, og vidare vart det gått gjennom kartlegginga kvar einskild kommune har gjort innanfor kvart porteføljeområde.

Det er også lagt inn ein stillingsoversikt for kvar av dei 11 områda styringsgruppa skal kartlegge.

Styringsgruppa påpeika at mange stillingar er delte på fleire funksjonar, og at det kan vere ein fare for at same stillingsprosent vert innmeldt fleire plassar (av fleire styringsgrupper).

Styringsgruppa meiner at brukarmedverknad og bruk av referansegruppe i arbeidet bør samkøyrest, slik at det blir nokonlunde likt gjort av styringsgruppene.



Når det gjeld innbyggartorg og kommunedelsutval drøfta styringsgruppa viktigheita av å få ut informasjon om kva som ligg i "medborgarskap". Innspel vil naturleg kome i lys av dagens organisering.

Leiar for styringsgruppa orienterte om eit fellesmøte med prosjektleiinga for alle leiarane av styringsgruppene. Her fekk ein gjensidig informasjonsutveksling, og drøfte ulike utfordringar m.v i arbeidet.

Styringsgruppa ønskjer å invitere prosjektleiinga til eit møte seinare i haust.

## **2. Samansetting av faggrupper:**

Styringsgruppa vedtok å sette ned 4 faggrupper. Faggruppe for kulturskule er allereie i gong med ei kartlegging. Her er kulturskulerektorane med Gro Dalen, Ålesund som leiar. Bibliotekgruppe med dei fem bibliotekssjefane som medlemmer er også sett ned, og har starta arbeid mellom anna med val av biblioteksystem.

Nye faggrupper blir faggruppe kultur og faggruppe medborgarskap.

Alle faggruppene har fått nye felles mandat. Desse ligg i prosjektportalen, og leiarane av faggruppene har fått tilgang til prosjektportalen.

## **3. Møteplan haust 2018 for styringsgruppa:**

19.09.18 kl. 12.00 - 15.30

04.10.18 skype kl. 13.00 - 16.00

23.10.18 skype kl. 12.00 - 16.00

09.11.18 kl. 09.00 - 16.00 Ålesund rådhus

14.11.18 kl. 09.00 - 16.00 Ålesund rådhus

28.11.18 kl. 09.00 - 16.00 Brattvåg

Møtet vart avslutta kl. 15.30

Elin A. Moen  
Koordinator